

Hordaland fylkeskommune si

# kunstsamling



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

Framsida: **Stefan Törner** har skapt ein elektronisk skulptur over ei trapp i Bergen busstasjon.

Framsidafoto: Gro Sivertsen

Foto: Elin Reisæter  
Opplag: 2000  
Trykk: Bodoni

# Innhald

Forord Ingebjørg Engel Astrup		5
Innleiing Elin Reisæter		6
Nye kunstprosjekt		
Slåtthaug videregående skole	2015	8
Årstad videregående skole	2015-2014	10
Amalie Skram videregående skole	2015-2014	14
Bergen busstasjon	2014-2013-2012	20
Bybanen	2013	24
Osterøy vidaregåande skule	2013-2012	28
Kvinnherad vidaregåande skule	2012	32
Etne vidaregåande skule	2012	34
Austevoll vidaregåande skule	2011	36
Nordahl Grieg vidaregåande skole	2010	38
Knarvik vidaregåande skule	2009	40
Glimt frå samlinga		41
Tekstil		42
Grafikk		45
Skulptur		48
Betongrelieff		58
Måleri		60
Portrett		68
Glaskunst		71
Keramikk		74
Hovudbygningen på Stend		76
Avslutning		78
Kunstnarliste		80



# Forord

Kunstsamlinga til Hordaland fylkeskommune har eit stort publikum ved at store delar av kunsten er tilgjengeleg både i skolar og i trafikkområde som terminalar og langs bybanetraséen. Potensial for eit større publikum er til stades om ein får ein betre kjennskap til samlinga. Denne presentasjonen er meint som eit tilskot til kunnskap om samlinga med tanke på både merksemd, ivaretaking og vidare formidling.

Første steg i dette arbeidet var ei registrering av kunstverka som er i fylkeskommunal eige. Frå mars 2014 til slutten av 2015 er kunsten registrert i bygga, på uteområda og i leigebygg der vi har verksemd. Samlinga har vokse fram over tid gjennom innkjøp og gåver til verksemdene våre, og i den seinare tida som del av byggeverksemda til Hordaland fylkeskommune med avsetting av 1,2% av entreprisekostnaden ved nybygg og ved ombygging. Eigedoms og kulturavdelingane i fylkesadministrasjonen har ansvar for denne prosessen med oppretting av kunstutval som arbeider innanfor det vedtekne regelverket.

Dataprogrammet som er nytta til denne registreringa, er eit nasjonalt program kalla Primus, eit verkty som også er nytta til kunstmusea sine samlingar. Kunstverka vert merkte med eit registreringsnummer, og opplysningane om verket vil vera søkbare i databasen. Registrator har vore kunsthistorikar og pedagog Elin Reisæter, som har utført arbeidet i samarbeid med underteikna. For arbeidet ute i felt har leiinga av den aktuelle verksemda, driftsleiar og einskildpersonar med særskild kompetanse eller interesse for kunsten vore viktige samarbeidspartar. Ein takk til alle som har engasjert seg i prosessen!

Målet var å få eit oversyn over alle verka, og samstundes ein tilstandsrapport for kunstverka, samt å setja i verk strakstiltak for å sikra utsette verk. Alle einingane har fått oversyn over verk i sine bygg, og vi vonar at kjennskapen gjev grunnlag for at verka vert tatt hand om på ein god måte.

Det er kjent at gode omgjevnader har positiv verknad på menneska som ferdast der, og ein søker å ta omsyn til det både ved nybygg og rehabilitering av offentlege bygningar når det gjeld arkitektur og kunst i bygningane. Dette har også det statlege organet KORO, Kunst i offentleg rom, lagt vekt på. I tillegg har KORO oppmoda til at ein også nyttar integrert kunst i bygningane, noko ein må planleggja tidleg i byggeprosessen.

Når vi no lagar ein presentasjon med glimt frå samlinga, har vi i første omgang prioritert kunst som har kome til ved ordninga med avsetting av midlar til kunst i byggebudsjetta. Slik vil vi også få døme på den integrerte kunsten. Vidare gjev den døme på arbeid i ulike teknikkar frå ulike tidsperiodar. For dei nyare verka har Hordaland fylkeskommune sikra seg rettar til å nytta foto av kunsten til informasjon og formidling.

Med å presentera dette utvalet ynskjer vi å setja fokus på mangfaldet i samlinga. Vi vonar at registreringa og denne presentasjonen spesielt fører til at både dei som arbeider og som får utdanning innanfor fylket sine verksemdar, vert merksame på kunsten og får eit positivt eigarskap til den. Presentasjonen vender seg også til eit ålment interessert publikum. Vi ynskjer informasjon og større kunnskap kan vera grunnlag for formidling av verka til nye brukarar.

**Ingebjörg E. Astrup, seniorkonsulent i Eigedomsavdelinga.  
Hordaland fylkeskommune 2015**



# Innleiing

Kunstsamlinga til Hordaland fylkeskommune kjem til syne i det offentlege rommet og har eit stort publikum. Kunsten gjev tilsette, elevar og besøkjande estetiske opplevingar. Kunstverka har som mål å overraske, føre til refleksjon og utfordre sjåaren.

Hordaland fylkeskommune har lenge samla kunst i bygningane sine. Kunstgåver er mottekne i høve jubileum og nybygg, og det er kjøpt kunst for å bidra til trivelege arbeidsmiljø. Tilbod om kunstopplevingar til innbyggjarane er eit av fylkeskommunen sine samfunnsoppdrag, ikkje minst skal det vere eit godt kunst- og kulturtilbod for born og unge. Det blir sett av økonomiske midlar til kunst i større byggeprosjekt, og Den kulturelle skulesekken har kvart år eit mangfald av tilbod til elevar i grunnskulen. På denne måten kan alle møte kunst nær bustaden sin, og slik bidreg Hordaland fylkeskommune til likeverd og kulturpolitisk desentralisering.

I Hordaland fylkeskommune finn vi kunst særleg i dei vidaregåande skulane. I tillegg er det kunst i små og store tannklinikkar, og i kontorbygga til fylkesadministrasjonen. Dei siste åra har det kome terminalar og stoppestader knytte til kollektivtrafikken i Bergen, som fylkeskommunen har ambisjonar om å gjere til kunstattraksjonar.

Kunstsamlinga til Hordaland fylkeskommune er prega av stor variasjon. Det er smått og stort, kunst av høg og låg økonomisk verdi, tradisjonell kunst og nyskapande kunst. I nokre av bygningane finst det mange kunstverk, mens andre har lite eller ingenting.

Dei seinare åra har innkjøp av kunst fått større prioritet. Når Hordaland fylkeskommune byggjer nytt eller utfører større rehabiliteringar, skal det setjast av midlar til kunstnarleg utsmykking. Kunstkomitéar blir sette saman av fleire brukargrupper og vert leia av konsulentar innan kunstfaget. Saman skal dei finne, prioritere og fordele kunst til dei nye byggeprosjekta i fylket. Kunsten som kjem inn i samlinga på denne måten er ofte prega av utradisjonelle medium og nytenking, og kan skape uventa kunstmøte der vi ferdast i fylket.

I dei nye bygningane til fylkeskommunen kan kunstverka tilpasse seg forma til anlegget, eller aktivt bryte med arkitekturen. Planlegginga av den nye kunsten kjem tidleg inn i byggeprosjekta, slik at kunsten kan bli ein integrert del av bygningane. Kunsten som blir flytta frå eigedomar som ikkje lenger er tenlege, må ofte rette seg etter tradisjonar der dei kjem.

Hordaland fylkeskommune legg vinn på å skape gode fysiske og estetiske miljø rundt menneska som til ei kvar tid yter eller tek i

mot fylkeskommunale tenester. Mange har hevda at omgjevnadene verkar inn på menneska, mellom anna Winston Churchill og Florence Nightingale. Politikaren Churchill skal ha sagt at Vi formar våre bygningar, deretter formar dei oss. Nightingale, som er kjend for å ha lagt grunnlaget for den moderne sjukepleia på 1800-talet, hevda at dei estetiske omgjevnadene verka inn på pasientane sin fysiske tilstand. I dag har denne måten å tenke på brei støtte frå forskarar og omgjevnadspsykologar.

Kunsten sitt nærvær bidreg til glede, provokasjon, irritasjon, innhald til samtale, til energi og ettertanke. Kunsten vi veit litt om, gir oss ofte meir enn den vi ikkje forstår. Hordaland fylkeskommune har vedteke at kunst og kultur skal formidlast til innbyggjarane, og i denne katalogen vil fylket syne fram litt av kunstsamlinga si.

Det er eit mål for Hordaland fylkeskommune å vere grenseoverskridande og nyskapande, men samstundes skal fylket ta vare på tradisjonelle verdiar. Kulturpolitikk og kunst i fylket skal fremje demokrati og ytringsfridom. Kunsten som er plassert i dei offentlege romma, er kanskje særskilt eigna til å fylle dette målet. Dette er kunst som alle kan oppleve og som alle kan ytre seg om.

Katalogen syner eit utval av kunsten i Hordaland fylkeskommune. Dei nye kunstprosjekta får mykje plass, men vi vonar at breidda, både det spesielle og det tradisjonelle i samlinga også skal kome fram.



Kunstverket *Skate* av Mette Midtseter (1960- ) 2005 blir retta opp. Driftsleiar Semir Mujanovic og rektor Trond Eikeland tek tunge tak for kunsten på Os gymnas

**Elin Reisæter**  
Forfatter

**Thomas Pihl** *Untitled* 2014 Detalj  
Amalie Skram videregående skole >>>



# Slåtthaug videregående skole

Kunstnaren Susanne Kathlen Mader (1964- ) tok utgangspunkt i bygghallen sin funksjon då ho konstruerte kunstverka til Slåtthaug videregående skole. Det er ikkje vanleg at verkstader er gjenstand for kunstnarleg utsmykking. Mader ønskte at bileta skulle hevde seg i konkurranse med aktiviteten rundt seg, men utan å skape visuell støy i romma.

Veggbileta til Mader er intense, ho nyttar metta fargar og eit presist formspråk. Det er farge og form som er hovudaktørane i komposisjonane hennar. Bileta formidlar dynamiske rørslar, harmoni og balanse.

Ungdom på veg til sjølvstende og vaksenliv blir ofte sett i sam-

band med vekst og energi. Mader bind dei aktive geometriske formene og energiske elevar saman. I kunstteori blir farge ofte knytt til det emosjonelle hos mennesket, medan form og linje appellerer til intellektet. Kjensler og forstand utfyller kvarandre, og skaper balanse. Slik jamvekt kan vi sjå igjen i skulekvardagen, der sosiale evner utviklar seg samstundes som den faglege kompetansen veks.

Med sitt leikande kunstnarlege uttrykk ynskjer Mader å stimulere brukarane sin fantasi. Ho vil at tilskodarane skal oppdage system og estetisk orden i bileta. Assosiasjonar frå natur og teknikk fletter seg saman i veggmåleria, der dei er festa til arkitekturen på Slåtthaug vidaregåande skule.



**Susanne Kathlen Mader** *Under pressure* 2013, *Fugl* og *Construction* 2015  
© Susanne Kathlen Mader/BONO 2016






# Årstad videregående skole

Mai Hofstad Gunnes (1977- ) presenterer det elektroniske kunstverket *Collision of Species (Oneiric Darwinism)* ved hjelp av firekanals animasjon på LED-panel. Dei fire skjermene syner dyr som forandrar seg til andre dyr, og av og til står skjermene tomme.


Boka *Oneiric Darwinism* er skriva av Mark Blechner og er inspirert av teoriar om draumar og den rolla dei har i menneska sitt medvit. Forfattaren nyttar ei rekkje døme på kva draumar er godt for,

og har egne idear om kva draumar er. Blechner hevdar at draumar inneheld tilfeldige psykiske produkt, minne, oppfatningar, konsept og ord. Desse muterer til nye mentale produkt som er nyttige for menneska, medan det som er unyttig eller skadeleg blir avvist. Meningane hans byggjer på Darwin sine tankar om naturleg utval, ved at dei sterkaste overlever. Blechner hevdar at vi hugsar draumane som hjernen oppfattar som viktige, det andre vert ikkje nytta.



**Mai Hofstad Gunnes** *Collision of Species (Oneiric Darwinism)* 2015





Årstad videregående skole var tidlegare tre sjølvstendige skular: Bergen yrkesskole, Krohnsminde videregående skole og Bergen tekniske fagskole. På ein yttervegg mot gårdsplassen mellom desse tre skulane fann Jon Arne Mogstad (1950- ) plass til sin *Equalizer*. Det enorme måleriet på 1500 m<sup>2</sup> er samansett av fargerike strok, måla direkte på murveggen.


Det abstrakte verket vekte både begeistring og harme, slik samtidskunsten gjerne har for vane. Kunsten er ikkje så tom for inn-

hald som kritiske røyster kanskje vil hevde. Tittelen *Equalizer* og det fargerike motivet viser til det grafiske søylediagrammet som syner stereoanlegg si handsaming av lyd. På norsk kan vi nytte ordet jamstillar. Tittelen på kunstverket viser og til eit sitat av ein amerikansk reformpolitkar på 1800-talet, Horace Mann, som ytra at *Education is the great equalizer*. Han oppfatta utdanning som den store utjavnaren i samfunnet. Kunstverket kan vi ut frå dette tolke som eit innlegg i debatten om lik rett til utdanning.



**Jon Arne Mogstad** *Equalizer* 2014








# Amalie Skram videregående skole


Installasjonen *Reform* av Markus Li Stensrud (1983- ) inneheld 33 objekt stilt ut i ein monter. Figurane har kunstnaren funne i dei tre skulebygningane som Amalie Skram videregående skole no har erstatta. Gjennom figurane tematiserer Li Stensrud skule som omgrep. Kunstverket har og ei internettside, der ein kan finne opplysningar om kvar og ein av figurane i montereren. På denne sida vil det bli mogeleg å leggje inn elevprosjekt som relaterer seg til *Reform*, og slik kan elevane kome i dialog med kunsten. Eit moderne kunstpublikum skal ikkje vere passive mottakarar, dei forventar å bli inkluderte og vere aktive sjølve.

32 av objekta i montereren er knytte til skulefag, medan det siste viser eit månelandskap. I tidlegare tider vart månen knytt til det irrasjonelle, men seinare vart månen knytt til vitskaplege sigrar og til rasjonell tankegang. Kunstnaren fortel at månelandskapet er ein metafor for eit klasserom, med rom for både fantasi og vitskap.

Slik kuriositetskabinetta ein gong gjorde, rommar dette glasskåpet «all verdas ting». Det viser til kunst, litteratur, filosofi og mytologi. Tilskodaren kan stå framfor montereren og la fantasi og kunnskap flyte saman. Mellom anna ser vi eit bilete av eit bilete; *Dette er ikkje ei pipe* (1928-29), eit av René Magritte (1898-1967) sine best kjende kunstverk. Ein banan kan leie assosiasjonane til Andy Warhol (1928-1987) sin design av eit kjend platecover frå 1967. Louise Bourgeois (1911-2010) er kjend for enorme og påtrengande skulpturar, ein edderkopp i montereren kan vise til kunstproduksjonen hennar. Kvar tilskodar kan finne sine assosiasjonar, sjå samanhengar mellom kunst og skulefag, eller tenkje konkret på objekta i montereren. Når elevar og andre byrjar å tenkje, diskutere og undersøkje gjenstandane som er utstilte, byrjar kunstverket å leve.



Markus Li Stensrud *Reform* 2015



### Reinhard Haverkamp *Panta Rhei* 2014 © Reinhard Haverkamp/BONO 2016

I taket over inngangspartiet i sør på Amalie Skram videregående skole er skulpturen *Panta Rhei* av Reinhard Haverkamp (1954- ) montert. Den er sett saman av sju individuelle og rørlige delar i sveisa, rustfritt stål. Med små rørslar dannar skulpturen heile tida nye konstallasjonar. Skuggar og refleksar som treff stålformene er med på å styrkje den innverknaden skulpturen har på rommet og lufta rundt.

Nemninga *Panta Rhei* er henta frå ein filosofi som byggjer teori-ane sine på at alt er i kontinuerleg endring. Skulpturen førestiller

rørslene i havet. Slik relaterer kunstverket seg til vatnet utanfor skulen og til bassengvatnet i Alexander Dale Oen arena, som ligg i same bygning.

Dei dynamiske formene til *Panta Rhei* er med på å mjuke opp det statiske uttrykket til den store foajeen på Amalie Skram videregående skole. Den evige endringa i uttrykket til skulpturen kan ein sjå frå fleire etasjar i bygningen. Med nye vinklar visar skulpturen stadig nye former, slik som forandringsfilosofien argumenterer for. Frå et anna perspektiv endrar alt seg.



### Reinhard Haverkamp *Panta Rhei* 2014 © Reinhard Haverkamp/BONO 2016



## Hennie Ann Isdahl *Zenith#I* 2014 © Hennie Ann Isdahl/BONO 2016

Amalie Skram videregående skole stod ferdig hausten 2014. Fleire av kunstverka er integrerte i bygningen, mellom anna eit kunstnarleg fargesett veggarbeid.

Hennie Ann Isdahl (1955- ) har forma veggflata utanfor Hans Tanks auditorium på Amalie Skram videregående skole. Ho har nytta einsfarga fargeplater med høg glans. Platene er sett saman slik at dei dannar geometriske former, og fargane spelar mot kvarandre i horisontale felt. Bak det integrerte kunstverket, inne i auditoriet, har kunstnaren sett ulike fargar på auditoriestolane, med tittelen *Zenith#II*.

Nemninga zenith er henta frå det naturvitskaplege fagfeltet. *Zenith* er det punktet der sola står høgast på himmelkvelven. Isdahl nyttar kunstverka sine til å peike på menneska sine fremste prestasjonar. Her er det elevar og symjarar i skule og basseng som må strekkje seg for å nå sine høgste mål.

Amalie Skram videregående skole tek mål av seg til å vere den mest framtidretta og moderne skulen i fylket. Kunsten på skulen er òg aktuell, og følgjer ikkje opptrakka spor.

## Thomas Pihl *Untitled* 2014



Som ein visuell markør plassert ved hovudinngangen lyser Thomas Pihl (1964- ) sitt integrerte kunstverk *Untitled*. I den 11 meter høge lys- og fargeinstallasjonen speglar målte og opplyste flatar seg i kvarandre i ei sjakt. Skuggane som fell i den tronge sjakta er ein viktig del av kunstverket.

Det er mogeleg å sjå delar eller refleksar av kunstverket frå fleire stadar i skulen, men *Untitled* kan aldri opplevast som eit heile. Refleksjon og tankeverksemd er ein viktig del av skulekvardagen, og kan vere eit utgangspunkt for ei tolking av kunstverket.





### Torill Johannesen *Inskripsjon* 2014

Torill Johannesen (1978- ) sitt skjermkunstverk *Inskripsjon* er basert på digital teknologi, og tek føre seg nyord henta frå eit omfattande tekstmateriale samla inn frå norske aviser. Ut frå digitalt innhenta ord og uttrykk set ei datamaskin saman nye visdomsord ein gong i døgeret – nokon av dei gjev meining, andre kan best skildrast som robotnonsens. Ordspråk har vore nytta flittig gjennom tidene, og kunstverket gjev høve til å reflektere over desse ved hjelp av ny kunstteknologi.





Å gå, å vente, og å finne



# Bergen busstasjon

## Stefan Törner *Terminal* 2014 og 2013

I 2014 opna Terminal sør på Bergen busstasjon, om lag to år etter Terminal nord. Kollektivterminalane er delar av ei større satsing på kollektivtilbodet i fylket, og skal medverke til at buss og bane blir attraktive for dei reisande. Stefan Törner (1973-) har smykka ut både terminal sør og terminal nord med verket *Terminal*, høvesvis i 2014 og i 2013.

Törner har teke utgangspunkt i dei reisande vi kan sjå i det offentlege rommet kvar dag. Menneskefigurar er plasserte på søyler og veggjar, vist mens dei syslar med rolege reiseaktivitetar. Bileta er meint å relatere seg til publikum i terminalen, om dei no nyttar

fasilitetane til korte turar eller er på veg langt ut i fylket, eller endå lenger. Terminalen i nord viser både yngre og eldre menneske på reisefot. I terminal sør viser kunstverket to ungdommar som samlar merksemda si om noko dei ser på ein mobiltelefon.

Kunstnaren har nytta treverk av eik, kirsebær og valnøtt, og dei varme fargane i kunstverket bidreg til å gje dei effektive terminalbygningane eit lunt og venleg uttrykk. I Noreg er grunnhaldninga at alle skal ha tilgang til kunst. I dette offentlege rommet oppfyller Hordaland fylkeskommune dette høge samfunns målet.



Stefan Törner har skapt ein elektronisk skulptur over ei trapp i terminalen. Skulpturen er forma som ei dreia pil. Skulpturen endrar farge sakte gjennom døgeret, frå raudt, til gult og så til kvitt.







## Lars Morell *Tidsreise 2012*

Lars Morell (1980- ) står for den integrerte utsmykkinga av eksteriøret på Terminal nord og Nonneseter terminal, og vender seg slik til dei reisande. Morell nyttar fleire teknikkar, mellom anna fargegraderte gipsplater og silketrykk på innsida av glaset. Motivet syner både tomme sirkclar og sirkclar med andlet inni. Ansikta har kunstnaren henta frå såkalla Spirit Photography. Åndefotografi var populært i den siste halvdel av 1800-talet i Amerika, der levande menneske ville fotografere seg saman

med menneske som var gått bort. Eigne åndefotografar fungerte som medium mellom levande og døde, og dei tok seg godt betalt. Åndefotografiet vart avslørt som dobbelteksponeering i 1920, og då døydde sjangeren ut.

Dei tomme sirklane i kunstverket gjev brukarane av terminalen høve til å undre seg, og denne undringa er og ein del av kunstverket.









# Bybanen

## Torunn Skjelland 1:1000483 2013

Bybanestoppa i Bergen byr på kunstoplevingar utan inngangspengar, slik mykje av kunsten i dei offentlege romma har som målsetjing. Kunsten på stasjonane til Bybanen kan i tillegg vere identitetsskapande, og både passasjerar og forbi-passasjerar kan ta del i kunstoplevinga.

Torunn Skjelland (1975- ) står bak måleriet på den lange murveggen ved Mårdalen stasjon. Kunstverket syner ulike motiv som viser reiser på forskjellig vis. Mellom anna pryder ei kvinne i bunad det om lag 60 meter lange og sju meter høge kunstverket. Ho held ein raud tråd i handa som famnar om andre reisande som er måla på vegg.

Tråden svarar til Bybanen sin trase. Det er motiv frå polferder og ein person i samisk folkedrakt. Dagny Berger var Noreg sin fyrste kvinnelege flygar, og ho er ei av dei som får vere med i fellesskapen av reisande på murveggen.

*Nystemten* reknast som Bergen sin nasjonalsong. Skjelland har omsett songen frå norsk, via engelsk til arabisk med hjelp frå teknologiske omsetjingsprogram. Etter denne handsaminga sto det att nokre ord som programma ikkje hadde ord for, og desse står saman med dei utanlandske orda. For dei som kjenner teksten frå før, er det sannsynleg at dei kjem fram til kva for ein song som er vist til.










## Gisle Frøysland *Kjankaren* 2013

Digital og elektronisk kunst er noko som høyrer det moderne samfunnet til, og langs Bybanen finst det fleire teknologiske kunstverk. *Kjankaren*, produsert av Gisle Frøysland (1961- ), er ein interaktiv LED-lysinstallasjon montert i tunnelen mellom stasjonane Mårdalen og Skjold. Dei lysande formene langs traséen ser særleg ut til å fange interessa til dei yngste reisande. Ein kan stadig høyre begeistra utrop frå barnehageborn og andre unge, når dei ser formene som lyser i dei mørke tunnelane. For å oppleve *Kjankaren* kan ein reise med Bybanen, eller søkje kunstverket opp på nettadressa <http://220hex.org>.

Tittelen *Kjankaren* kjem frå ordtilfanget kunstnaren nytta seg av i barndomen, og viser til den farlege og forbodne vinteraktiviteten med å henge seg på bussar, og skli etter på glatte sko. Kunstnaren har òg henta inspirasjon til verket frå den organiske strukturen i fiskestimar og flokkar av fuglar. Slik som fuglar og fiskar følgjer kvarandre, slik følgjer også lyset frå *Kjankaren* vognene innover i tunnelen.

Kunsten som er plassert i dei offentlege romma har ikkje alltid så mykje informasjon og kommentarar knytt til seg. Dette kan vere med på å skape ein avstand til kunsten, vi har ikkje nøklar til å forstå han. Når vi veit noko om kunsten, gir han ofte meir mening.






# Osterøy vidaregåande skule

**Kristoffer Myskja** *Installasjon* 2013 © Kristoffer Myskja/BONO 2016


Kristoffer Myskja (1985- ) sin *Installasjon* vert kalla kunstklokka av brukarane ved Osterøy vidaregåande skule. Kunstverket er plassert høgt oppe på veggen over skulekantina, og tek føre seg tidsrekning av ulike slag. 360 lamellar av kopar viser både klokke og kalender, dei opnar og lèt seg att for å vise tid og dato.

Teknologi er tema for mykje av kunsten til Myskja. Han vil at tilskodarane skal forstå dei mekaniske prosessane han nyttar. Han vil fremje kontakt med dei fysiske objekta, difor gøymer han ikkje mekanikken, han vil heller at den skal gje høve til refleksjonar.






## Bendik Kaltenborn *Veggmåleri* 2012



Veggmåleria til illustratør og teikneserieskapar Bendik Kaltenborn (1980- ) møter oss i dei to øvste etasjane på Osterøy vidaregåande skule. Her møter teikneserien sitt formspråk veggmåleriet. Når uvanlege figurar smykkar veggane, oppstår uventa kunstoplevingar. Kaltenborn sine figurar er fargesterke og stiliserte. Den godmodige humoristiske stilen til Kaltenborn er underhaldande, men kan òg vere tankevekkjande.




### Kristin Sæterdal *Very Rare Figures Upon this Earth* 2008-2010

© Kristin Sæterdal/BONO 2016

Kristin Sæterdal (1963- ) er ein norsk tekstilkunstnar som mellom anna arbeider med bilettev. Verket som prydar trappegangen på Osterøy vidaregåande skule er laga i ull og lin, montert på MDF-plater.

Fem like store sirkclar er montert på veggen, og i kvar av dei er det plassert ein meir eller mindre identifiserbar figur. Kunstverda er


full av døme på kunstverk som viser til andre kunstverk, og dette er eit slikt. Inspirert av målaren Francis Picabia (1879-1953) har Sæterdal brukt motiv og tittel i arbeidet med sitt eige kunstverk. Picabia var tiltrekt av dei visuelle formene og funksjonelle kvalitetane til maskinar, og dei stiliserte formene til Sæterdal kan vi òg sjå noko maskinelt i.





**Sissel Blystad** *Brudd* 2012 © Sissel Blystad/BONO 2016

På biblioteket heng eit tredelt kunstverk i tekstil av Sissel Blystad (1944- ). Ho vert nærare presentert i kapittelet som omhandlar tekstilkunst. Det er utsyn til *Brudd* frå fleire stader på Osterøy vidaregåande skule, mellom anna frå ein etasje over rommet det heng i.



# Kvinnherad vidaregåande skule

**Lars Paalgard og Per Jonas Lindstrøm** *Helt konge, Helt knekt og Helt topp* 2012  
© Lars Paalgard/BONO 2016

Kunsten på Kvinnherad vidaregåande skule er laga av kunstnarane Lars Paalgard (1955- ) og Per Jonas Lindstrøm (1955- ). Dei lét seg inspirere av skulen sin eigen arkitektur, og dei forskjellige delane i kunstverket har som mål å vise heilskap.

*Helt konge* er plassert i ariet på skulen og er ein installasjon i fleire delar som snakkar saman. Kunstverket byr på små palass og mellom byggverka er det laga til alternative stader der ein kan setje seg ned. Frå ein av bygningane veks forma til ein talarstol opp.

Elevar ved skulen var med i prosessen med prosjektet *Helt knekt*, særleg bidrog dei i tekstarbeidet. Fotografen Guri Dahl (1956- ) var ein sentral aktør i dette arbeidet. Om lag 30 biletforteljingar heng på veggane i korridorane, og bileta gjev innblikk i det som hender i dei små bygningane i ariet.

Kunstnarane ynskte å få alle støypeformene dei hadde nytta til kunsten i ariet med i kunstverket i inngangspartiet, *Helt topp*.

Det viste seg at vegginstallasjonen ikkje kunne romme alle desse objekta. Former vart festa til pallar, og gjenoppstod som skulpturar.

Slik har det seg at det i dag står eit par bortgøymde kunstverk på Kvinnherad vidaregåande skule. Eller er det berre pallar med rot festa til seg? Skulen hadde vore i ein lang byggeprosess då kunstnarane fekk idèen om byggjeformer omgjorde til skulpturar. Desse kunstverka ville dei plassere i inngangspartiet i nybygget, men då vart dei stogga av eit samstemt personale ved skulen. Dei var leie av både bygging og pallar. I løynd heldt kunstnarane fast på ideen. Etter ei tid oppdaga brukarane av skulen «palle-kunsten» halvveges gøymt. Her står pallane med former festa til seg enno.

I dag er den uvelkomne kunsten blitt ein del av historia til skulen og til ei forteljing som blir presentert med eit glimt i auga. Arbeid som dette set i sving tankar om kva som er kunst, om kunstnarleg fridom, kunstteori og vørnad for publikum.

**Josefine Lyche** *Utan tittel* 2012



Gjennom kunsten jaktar Josefine Lyche (1973- ) på alternative forståingar av den verkelege verda. Ho forskar på kva som er mogeleg for moderne og abstrakte måleri sine uttrykk. Kunstverket hennar på Kvinnherad vidaregåande skule synar ein lys og lett fargekomposisjon, og i møte med fargane hennar kan tilsko-

daren finne eigne meningar og opplevingar. Kunstverka til Lyche kan leie tanken mot magiske teikn og ulike måtar å sjå verda på. Lyche vil hjelpe menneskesinna til ein fri og fredeleg stad, der det er rom for både ettertanke og draumar.







# Etne vidaregåande skule

**Gerhard Stoltz** 2012 © Gerhard Stoltz/BONO 2016

Etne vidaregåande skule deler lokale med kulturhuset i Skakkesenteret. Bygningen har kunst av Gerhard Stoltz (1948-) i amfiet, i trappegangar og på ytterveggen til verkstaden. Han har nytta teknikkane veggmåleri, måleri på lerret og former i smijern.

Stoltz har nytta seg av sterkt forenkla former som baserer seg på abstrakte idear og konkrete gjenstandar, og går igjen i alle kunstverka hans på Skakkesenteret. Motiva inneheld teikn, symbol og ornamentikk. Med samtida sitt formspråk fortel Stoltz om forhistoria til området. Historia inneheld mellom anna helleristingar, smykkefunn og forteljingar om stormenn frå ei uroleg tid på 1100-talet. Etne si kulturhistorie blir gjennom kunstverka forankra i fortida, men med dei moderne formene peikar dei mot framtida. Med visuelle uttrykk og innhald i kunstverka vil Stoltz at kunsten skal skape assosiasjonar til historie og til omgrepet senter.







### Jan Terje Rafdal, Vegar Øyfoss og Stig Morten Sørheim 2012

Jan Terje Rafdal (1974- ) (bilete), Vegar Øyfoss (1976- ) (film) og Stig Morten Sørheim (1976- ) (lyd) har skapt eit videoverk saman. Kunstverket tek utgangspunkt i abstrakte naturskildringar av fjella i Etne. Videoverket i amfiet er plassert slik at det også vil vera synleg frå plassen utanfor amfiet. Etnefjella har vore viktige for Rafdal sin kunst. Kunstnarleg inspirasjon har kome frå formasjonane som kjem fram under snøsmeltinga i fjella.



# Austevoll vidaregåande skule

**Siv Bugge Vatne** *Gammelt hav, nye bølger* 2011 © Siv Bugge Vatne/BONO 2016

Utsmykkinga *Gammelt hav, nye bølger* er utforma av kunstnaren Siv Bugge Vatne (1975-). Kunstverket er sett saman av 70 mindre bilete i tre delar. To av sekvensane er laga for tronge trappeløp som går over tre etasjar. Havet ligg roleg i fyrste del, men etter som bølgjene følgjer trappene oppover i bygningen, tek dei fart. Øvst i trappa endar kunstverket i ein fossande bølgesprut. Med lys og lett fargehandsaming og retningsgjevande liner, får kunstverka ein arkitektonisk effekt. Slik er kunstverka med på å opne opp dei tronge trapperomma. Auditoriet husar den tredje delen av kunstverket. Dette biletet samlar fleire små fragment til ei stor bølge, rett før ho bryt saman.

Bugge Vatne har henta 70 utklipp frå gamle og nye teikneserieblad. Ho har skanna, digitalisert og trykt med UV-print på herda glas. Kunstnaren skaper eit nytt heile ved hjelp av fragmenta frå teikneseriane. Ho får heilt nye uttrykk til å oppstå, mellom anna fordi forstørringane viser ei flate som ikkje er synleg i dei originale, små formata.


Forteljingane i dei opphavlege teikneseriane er borte. Dei nye bølgjene inviterer til å skape nye forteljingar, med nye hovudpersonar. Slik byr dette kunstverket på ei opning for fantasi og tankeverksemd.

Utsmykkinga på Austevoll er tilpassa arkitekturen, kunsten kan både forsterke og forandre romma han er i. Kunstnaren hadde som mål å skape eit kunstverk som brukarane kan røre seg inni.

Kunstverka til Bugge Vatne viser både orden og kaos. Urolege rytmar oppstår der linene i bileta forsvinn, medan ro blir skapt der linene treff kvarandre. Kva vi finn mellom forvirring og kontroll er noko av det kunstnaren undersøker i *Gammelt hav, nye bølger*. Tittelen viser til sjølve skuleverksemda i Austevoll, som med tradisjon og nyskaping skal formidla kunnskap om det gamle havet.







# Nordahl Grieg videregående skole

Nordahl Grieg videregående skole har fått namnet sitt etter forfattern og journalisten frå Bergen, Nordahl Grieg (1902-1943). Grieg tok tidleg avstand frå nazismen og var kritisk til at vestlege stormakter såg bort frå faren som truga frå Tyskland.

Då andre verdskrig tok til, vart Grieg krigskorrespondent og deltok i flyåtak. 2. desember 1943 vart flyet han sat i, skote ned over Berlin. Fly og mannskap vart aldri funne.

Nordahl Grieg videregående skole syner fram fredstankar i ei uroleg verd, og nyttar seg av sitat frå poesi og nyhende. Grieg skreiv diktet *Til ungdommen* i 1936, og det er sidan knytt til håp om fred. Det tonesette diktet vart nytta i markeringane etter angrepa mot regjeringskvartalet og Utøya i 2011. Siste line i fyrste vers i *Til ungdommen; Hva skal jeg kjempe med, hva er mitt våpen?* er måla direkte på veggen.

Legen Mads Gilbert er kjend for arbeidet sitt for menneske som er råka av krig og ufred. Den fortvila bøna hans frå eit krigsherja område, er og festa til veggen; *Fortell videre. Send videre. Rop det videre. Gjør noe! Gjør noe mer!*

Det tekstbaserte kunstverket *SHAKE THE TREE* av Maria Udd (1967-) Stine Karlsen (1968- ) viser til forteljinga om Isaac Newton som sat under eit tre og fekk eit eple i hovudet. Historia fortel at han kom på sporet av tyngdekrafta den dagen. Newton ville finne ut av ting, og med dette kunstverket oppmodar kunstnarane elevane ved skulen til å gjere det same. *SHAKE THE TREE* sitt tema er at ting skal ha meining som fører til handling og som er drive av ei indre kraft.


I *SHAKE THE TREE* er teksten nytta som kunstnarleg medium. Tilskodaren sine tolkingar av kunsten skal bli til ein del av kunstverket, slik kunstforståinga legg opp til i dag. Kunsten skal ikkje lenger berre vere vakker for auga, den skal også setje i gang tankeverksemd hos den som møter kunsten.

Eit stort kjegleforma auditorium er plassert i fyrste etasje. Kjegla har fått kunstnarleg handsaming av Udd og Karlsen, og er måla grøn på ytterveggen. Ved nærare ettersyn, kan ein oppdage omrisset av eit krigsfly frå andre verdskrig på den eine sida av kjegla. På veggen midt i mot auditoriet, står teksten *SHAKE THE TREE* i store, svarte bokstavar. Slik vert det eit samspel mellom teksten og den arkitektoniske forma.





**Maria Udd og Stine Karlsen** *SHAKE THE TREE 2010* © Maria Udd og Stine Karlsen/BONO 2016  
*SHAKE THE TREE* og aktivitet på toppen av auditoriet



# Knarvik vidaregåande skule

**John Audun Hauge** *Vekst* 2009 © John Audun Hauge/BONO 2016

Knarvik vidaregåande skule var den fyrste skulen som fekk kunstnarleg utsmykking etter dei nye vedtektene i Hordaland fylkeskommune. John Audun Hauge (1955- ) tok utgangspunkt i omgrepa draumar og reiser i sitt bidrag til kunstsamlinga i Hordaland fylkeskommune.

To identiske former er sette saman slik at dei dannar ei ny form. Skulpturen er inspirert av ein månesigd og eit vikingskip, ein knarr. Formene er monterte på eit høgt stativ, kjøl mot kjøl.

Ideen bak kunstverket kjem mellom anna frå kunstnaren sine eigne skuleminne. Han hugsar at ei rekkje apparat skulle konkretisere undervisninga, og slik er pedagogikken blitt til stativet som båten og månen er plasserte på. Tittelen *Vekst* kjem av den formåle likskapen med eit tre.





# Glimt frå samlinga

Katalogen har til no teke føre seg store kunstprosjekt, drive fram av politiske vedtak, store pengesummar, kunstnarleg kompetanse, brukarinnspel og meir. Det meste av kunstsamlinga er av mindre format, men likevel ikkje utan relevans. Ivaretaking av fortida sine uttrykk kan gje verdfulle opplevingar for menneske i dag.

Stor breidde i kunstnarlege framstillingsmåtar kan vere ein verdi i seg sjølv, og mangfaldet i samlinga kan vise ulike epokar i fylkeskommunen si historie. Det er ulike tradisjonar når det kjem til kunstutsmykking. Personleg interesse og økonomi ser ut til å ha vore vesentlege faktorar når det kjem til innkjøp av kunstverk i mindre skala.

Det er gjort mange gode tiltak for å ta vare på kunstverka i samlinga og det er difor vi no kan vise fram både gamle og nye gjenstandar. Driftsleiarar og områdeleiarar har ei viktig rolle i arbeidet med å oppretthalde kunstsamlinga. Ofte er det dei som lyt setje i verk den praktiske delen av tryggingsarbeidet og som har den daglege kontakten med kunsten.

Kva kunst som er omtykt av publikum og kunstkjennarar er omskifteleg. Kunstverk hamnar av ulike årsakar stundom på lager. Nokre er prega av dårleg ivaretaking, forelda rammer eller treng generelt vedlikehald. Det har forsvunne kunst frå samlinga; uhell, tjuveri, manglande kunnskap og for stor ryddeglede kan forklare nokre av dei sakna kunstverka. For fellesskapen og for framtida er det viktig at vi steller godt med den kunstsamlinga vi har.



Elevverksemd på Slåtthaug vidaregående skole skiftar passepartout på eit eldre bilete

# Tekstil

Statusen til tekstilkunsten har vore i stor endring dei siste 100 åra. Frå å vere ei oversett kunstform som kunstskular og kunst-institusjonar såg vekk frå, flytta kunstnarane midt på 1900-talet tekstilarbeid til storpolitiske område og som argument i kvinne-frigjeringa.

Konseptkunst legg meir vekt på tankane bak kunstverka enn på handverk og materialbruk, og dominerte kunstverda i fleire tiår rundt tusenårsskiftet. No er trendane i endring, og kunstnarane legg atter vekt på handverk og materialhandsaming i kunsten, ikkje minst når det kjem til tekstilarbeida.



**Ida Carolyn Helland Hansen** Detalj av teppe i blanda medium, tekstil og papir 2007  
© Ida Carolyn Helland Hansen/BONO 2016  
Olsvikåsen videregående skole





**Elisabeth Haarr** *EEC truer oss* 1972 © Elisabeth Haarr/BONO 2016.  
Askøy videregående skole

Elisabeth Haarr (1945- ) sitt kunstverk i tekstil har politiske undertonar, det forstår vi ut frå tittelen, *EEC truer oss*. Motivet er ikkje til å misforstå – når ei ørn vil sluke eit uskuldskvitt lite lam, då er det fare på ferde. Det tydelege symbolet på overmakta ragar trugande over byttet sitt.

Biletvevnaden var i 2014 lånt ut til ei utstilling skipa til av Office for Contemporary Art (OCA). Denne utstillinga viste kunst med

tydeleg politisk innhald. Teppet til Haarr syner motstanden mot norsk medlemskap i EEC.

Denne typen tekstilarbeid er ei tidkrevjande og kvinnedominert kunstform. I trua på langsam protest mot industrialisering og masseproduksjon, ligg òg eit innhald som gjev tekstilkunsten karakter.



**Sissel Blystad** *Brudd* 2000 © Sissel Blystad/BONO 2016  
Olsvikåsen videregående skole

I arbeidet sitt som kunstnar har Sissel Blystad (1944-) nytta den klassiske tekstilvevnaden sitt uttrykk. Frå tidlege arbeid med forenkla landskapsmotiv utvikla ho kompliserte abstrakte komposisjonar. Der nytta ho ofte eit grunnmotiv som vart gjenteke. Komposisjonane er i ulike fargesamanstillingar med heile det koloristiske registeret frå dempa jordfargar til kraftige og intense fargar. Fargebruken og rytmen i komposisjonane som gjentek

seg er viktige for opplevinga av verket. Sissel Blystad har også arbeidd med seriar, slik at ein får ei samanstilling av verk.

Nesten dagleg kan vi oppleve eit stort tredelt verk av Sissel Blystad gjennom media. Verket *Landskap* heng i vandrehallen i Stortinget, og vi får ofte ein bit av det inn i heimane våre i samband med nyhendesendingar og intervju av politikarar.



# Grafikk

Kunstsamlinga til Hordaland fylkeskommune inneheld ein heil del grafikk, både svært gamle og heilt nye kunstverk. Frå tida etter andre verdskrig auka produksjonen og interessa for grafikk. Dei grafiske produksjonsmetodane gjer det mogleg å produsere mange trykk, men likevel i avgrensa og nummererte opplag.

Politikarane vedtok at kunst og kulturopplevingar skulle rettast mot alle lag av folket, fordi dei sentrale styresmaktene såg demokratiske aspekt i mangfaldiggjeringa av kunsten. Dei ville at kulturelle barrierar skulle falle. I tillegg arbeidde fleire foreiningar for å få grafikk ut til mellom anna skular og sjukehus, det vil seie til store institusjonar med mange arbeidsplassar, og der alle borgarar hadde tilgang.

Motiva grafikarane nytta seg av i etterkrigstida var prega av norske landskap og norske arbeidarar, særskilt var kunstnarane opptatte av fiske- og industrinæringa. Dette speglar tida då landet vart bygd og velstanden auka. Seinare vart motiva meir leikande og humoristiske.

Grafikk av denne typen har dei fleste av oss sett. Kunst på offentlege møtestader kan medverke til vårt kollektive minne, og på den måten kan det påverke kjensla av fellesskap med kjende og ukjende. Nokon har knytt til seg dette mangfaldet av kunst, andre har ikkje merkt seg dette «museet utan veggar». Grafikken har bidrege til eit naturleg desentralisert mangfald, trass i at enskildebobjekta ikkje alltid snakkar så høgt.



**Elly Prestegård** *Tett sammen* Etsing 37/75 1979  
Fyllingsdalen videregående skole



**Solveig Hisdal** *Sommerlandskap* 1980  
Fyllingsdalen videregående skole



Trykk som dette finn vi på fleire av skulane i fylket. Bileta kom til skulane i 1956, då kunstnar og designar Knut Yran inviterte kunstnarkolleagaene Jørleif Uthaug, Einar Granum, Arne Hegglund og Håkon Stenstadvold til å lage litografiar til ei grafikkmappe, som vart seld direkte til skular over hele landet. Det stiliserte uttrykket i bileta talar til mange sin smak i dag, og motiva er populære på bruktmrknaden.



**Arne Hegglund** 1956



**Jørleif Uthaug** *Kineserhavn* 1956  
© Jørleif Uthaug/BONO 2016



**Jørleif Uthaug** 1956  
© Jørleif Uthaug/BONO 2016



**Jørleif Uthaug** 1956  
© Jørleif Uthaug/BONO 2016



**Arne Hegglund** *Fiskere* Litografi 1956



# Skulptur



**Øyvind Åstein** *Fiskarjenta* 1982 © Øyvind Åstein/BONO 2016  
Austevoll vidaregåande skule



## Bård Breivik (1948-2016)

Bård Breivik er ein anerkjend kunstnar og har gjennom ein lang kunstnarkarriere sett tydelege spor etter seg. Mange kjenner han som kunstnaren bak dei ein gong så omdiskuterte søylene på Torgalmenningen i Bergen. Breivik hadde eit av sine tidlege oppdrag i Hordaland fylkeskommune, og framleis kan elevar og tilsette gle seg over utsmykinga hans.

Breivik syner med kunsten sin at han er interessert i historie og handverk, på Laksevåg er kunst, historie og staden sin identi-

tet knytte tett saman. Forma til båten har vore ein gjengangar i kunsten til Breivik, slik som båten òg har vore viktig for Laksevåg. Laksevåg videregående skole er smykka ut med både vegg-hengt skulptur skapt av Breivik, og minne frå industrien som ein gong prega Laksevåg. Utsmykinga har Breivik laga saman med A. J. Gjellestad og Arvid Pedersen. På skuleveggane på Laksevåg heng skulptur, modellskip, verkty og spleiseteknikkar – presentert både som kulturminne og som kunst.



**Bård Breivik** *Ukjend tittel* 1976 © Bård Breivik/BONO 2016  
Laksevåg videregående skole



**Bård Breivik** *Båt* 1976 © Bård Breivik/BONO 2016



**Bård Breivik** *Verktysamling* © Bård Breivik/BONO 2016



**Bård Breivik** *Båtmodellar* © Bård Breivik/BONO 2016



## Arnold Haukeland (1920-1983)

Arnold Haukeland var ein markant skulptør og modernist. Han er særleg kjend for arbeidet sitt med monumentale skulpturar. Haukeland retta merksemda ut i verda og vart inspirert av internasjonale kunstretningar. Han ynskte at den moderne kunsten ikkje berre skulle tala i kraft av seg sjølv, hans mål var å kombinere det moderne med tradisjon.

Form og titlar heng i hop hjå Haukeland, slik vi ser det i *Harpen*.

Kunstverket er av det moderne slaget, og utan kunstnaren si hjelp i tolkinga hadde vi truleg forstått kunsten hans annleis. Tilskodaren kan òg sjå på skulpturane som ei form som speglar omgjevnadene sine skiftingar i lys og årstider.

Haukeland var ein pioner i forståinga av moderne skulptur. Han blanda det abstrakte og det vi kan forstå; modernistisk konkretisme er eit omgrep som er nytta om skulpturane hans.



**Arnold Haukeland** *Harpe* 1981 © Arnold Haukeland/BONO 2016  
Os vidaregåande skule

## Arne Johan Vinje Gunnerud (1930-2007)

Skulpturane til Arne Johan Vinje Gunnerud (1930-2007) har vore utstilte på Torgalmenningen i Bergen i samband med Festspillene i byen. I *Seilende havfrue med flagg og vimpler* er havfrua sjøsett som ein båt med segl og mast, og no ynskjer havfrua velkomen til Kvinnherad vidaregåande skule. På Askøy vidaregåande skule har dei ein båt og på Sotra vidaregåande skule finn vi ein ulv som vaktar inngangspartiet.

Gunnerud ser til norrøn mytologi i skulpturen *Fenrisulven vil bryte seg løs*. I følgje den gamle trua, er Fenrisulven ein uhyggeleg skapning. Æsene såg det tenleg å binde udyret fast. Dei nytta seg av både trylletenkje og falske lovnader om frigjering, og ulven lét seg til slutt fange. Den førkristne gudelæra fortel at i Ragnarok skal Fenrisulven kome seg laus og sluke den mektige guden Odin. Enn så lenge står ulven utanfor Sotra vidaregåande skule i Fjell kommune.



**Arne Johan Vinje Gunnerud**  
*Seilende havfrue med flagg og vimpler*  
© Arne Johan Vinje Gunnerud/BONO 2016  
Kvinnherad vidaregåande skule



**Arne Johan Vinje Gunnerud**  
© Arne Johan Vinje Gunnerud/BONO 2016  
Askøy vidaregåande skule





**Arne Johan Vinje Gunnerud** *Fenrisulven vil bryte seg løs* 1978  
© Arne Johan Vinje Gunnerud/BONO 2016  
Sotra vidaregåande skule



## Ingebrigt Vik (1867-1927)

Ingebrigt Vik frå Kvam herad vert rekna som ein av dei fremste bilethoggarane i Noreg. På Øystese gymnas finst det ein mindre skulptur med motiv av ei eldre kvinne, som kvilar hovudet i handa si.

Vik utarbeidde ei rekkje utgåver av motivet *Gammel kone*, der han skildrar og utforskar kvardagsmenneske og alderdom. I skulpturen utforskar han kva tida gjer med kropp og sjel. Impresjonistane påverka arbeidsmåten hans, og vi ser korleis kunstnaren vekslar mellom grove og meir utarbeidde sekvensar i skulpturen.

Det kan vere spanande å følgje denne kunstnaren sitt liv, der

sigrar og nederlag går hand i hand. Vik arbeidde med kunsten sin i Oslo, København og Paris. Han vart sjuk før han fylte 50 år, og flytte etter kvart tilbake til heimstaden Øystese. Han testamenterte kunstverka sine til heimkommunen, og sambygdingane reiste i 1934 eit bygg for å huse skulpturane hans.

Ingebrigt Vik museum syner framleis fram dei mykje omtykte kunstverka i bronse, gips og marmor. Kunsten til Vik er rekna som nokre av hovudverka i norsk skulptur, og kan opplevast vegg i vegg med kunsthuset Kabuso. I ein av salane der syner dei fram ein film om Ingebrigt Vik og kunsten hans.



**Ingebrigt Vik** *Gammel kone* 1909  
Øystese gymnas





## Ambrosia Tønnesen (1859-1948)

Ambrosia Tønnesen var den einaste norske kvinna på 1800-talet som hadde ein karriere som bilethoggar. Ho vert rekna som den fyrste kvinnelege skulptøren som levde av kunsten sin, og fekk mange oppdrag i offentleg og privat regi. Tønnesen debuterte som kunstnar i 1884, og reiste så ut i Europa for å lære meir. Ho gjekk i lære hos kunstnarar i København, Berlin og Paris.

Kunstverka til Tønnesen var populære og ho var ein produktiv kunstnar. Framleis finn vi skulpturane hennar plassert i det offentlege rommet, mellom anna sentralt plasserte i kulturinstitusjonar Bergen.

Skulpturane er kjenneteikna av stor portrettlikskap, dei er naturtru og uttrykksfulle. Ho er best kjend for portretta ho har skapt av historiske personar og framstående borgarar. Hordaland fylkeskommune si byste viser ein mann som ser både venleg og bestemt ut. Den portretterte er direktør Carl Johan Schnitler (1873-1931) som hadde arbeidsstaden sin på Bergen handelsgymnasium på byrjinga av førre hundreår. Det var takksame elevar som reiste bysta og framleis skodar direktøren ut over trappehallen på skulen han ein gong styrte.



### Ambrosia Tønnesen

*Carl Johan Schnitler, Direktør ved Bergen handelsgymnas 1903-1931*  
Senter for voksenopplæring, Kalfarveien 2



## Arne Mæland (1950- )

I kunstsamlinga til Hordaland fylkeskommune er det fleire kunstverk av vestlandskunstnaren Arne Mæland (1950- ). Mæland sin kunst er nytta som kunstnarleg utsmykking av ei rekkje offentlege rom og mange som er busette i Hordaland fylke har sett hans arbeid. Skulpturen *Uteliggeren* som er plassert i sentrum av Bergen, er kanskje den mest omtykte og den best kjende.

Ved hovudinggangen på Olsvikåsen videregående skole står skulpturen *Einar og Kjersti*. Handlinga i skulpturen freistar å fange ungdomskulturen i det fyrste tiåret på 2000-talet. *SMS-skulpturen*, vert kunstverket kalla på folkemunne. Modellar til skulpturen fann Mæland på skulen, og namna deira er rissa inn i bronzen.



**Arne Mæland** *Einar og Kjersti* 2007  
Olsvik videregående skole

# Betongrelieff



Ukjend kunstnar  
Årstad videregående skole, B-Bygget





Ukjend kunstnar  
Årstad videregående skole, B-Bygget



# Måleri

Dei eldste måleria vi kjenner til er hulemåleri frå steinalderen, rissa inn i berg for om lag 32 000 år sidan. Framleis har menneska trong til å uttrykkje seg med hjelp av biletgjering, både for å vise ytre likskap med verda og for å formidle indre kjenster.

Dei eldste bileta i Hordaland fylkeskommune si samling er frå 1700-talet, men det meste er produsert på 1900-talet. Samlinga inneheld mange portrett av ulike rektorar og landskapsskildringar er eit ynda motiv.



**Eva Synnøvevd** (1914-1978) Utan tittel 1960  
Årstad videregående skole



## Julius Holck (1845-1911)

I kunstsamlinga til Hordaland fylkeskommune er det ein serie måleri produsert av Julius Holck (1845-1911) i åra 1899 og 1900. Måleria er samla på Langhaugen videregående skole, og det er forska på materialet. Læraren Elisabeth Tangseth Stiegler Folgerø vart inspirert av måleria, og leverte i 2007 ei hovudfagsoppgåve i kunsthistorie om samlinga. Oppgåva Måleren Julius Holck (1845-1911) og Bergen i hans samtid gjev nyttig informasjon om både kunstnaren og om Bryggen.

Dei 21 bileta har motiv frå Bryggen i Bergen. Dei fleste viser passasjane mellom gamle bryggjebodar, i tillegg viser motiva interiør frå Bryggen, oversyn over Bryggen og områda rundt. Bileta er nummererte og har namn som fortel kvar motiva er henta frå, og viser korleis Bryggen såg ut til forskjellige tider på året. Arkitekturen ser ut til å vere viktig for Holck, og han viser ikkje folkelivet i særleg grad. Bryggen har vore på Unesco si liste over verdsarv sidan 1979 og bileta til Holck er ei kjelde til å forstå korleis det såg ut på Bryggen i eldre tider. Holck måla motiva ut frå skisser han laga i ungdomsåra, slik blir han eit historisk augevitne.

Ikkje berre sjølve måleria og motiva er interessante. Med utgangspunkt i samlinga kan interessa for kunsthistorie og ein-skildskjebnar verte vekt. Korleis var kåra for kunstnarar i Bergen

på slutten av 1800-talet? Julius Holck var ingen halden mann som kunne velje utdanning utan tanke på inntekt. I staden for å lære seg målarkunsten på eit akademi i utlandet slik han hadde lyst til, reiste nittenåringen Holck til sjøs som læregut i maskinistfaget. Det fanst ikkje utdanning i Noreg for dei som ville verte kunstmålarar då Holck var ung.


Ettersom tida gjekk tok Holck dei grepa som skulle til for å realisere draumen om å kunne leve av kunsten. Han nytta dei høva han fann til å måle etter førebilete, men tilgangen på bilete var liten i Bergen. Etter kvart drog han på studiereise i Noreg og han debuterte i kunstforeininga i Bergen. Seinare fekk han høve til eit studieopphald utlandet, og Julius Holck vart ein av få som kunne leve av kunstproduksjon åleine rundt hundreårsskiftet.

Alle bileta til Holck er merkte med tittel og har nummer frå ein til 27. Fem av måleria i serien har andre, men kjende eigarar. Eit måleri veit vi lite om, nummer 8. Skal tru om det finst framleis?

Holck ville syne korleis det såg ut på Bryggen og bileta har ein dokumentarisk verdi. Det er ikkje mykje handling i bileta, det er sjølve bygningane som spelar hovudrolla. Måleria skildrar Bryggen systematisk og målretta, og ein kan spørje seg kvifor dei er laga. Vi veit at bygningane lengst sør på Bryggen vart rivne på Holck si tid. Kan hende er måleria eit argument i striden mellom dei som ville verne Bryggen, og dei som ville rydde plass for murbygningar som i dei andre hansabyane?



Før bileta kom til Langhaugen videregående skole, hang dei i ein festsal på Sydneshaugen skole i Bergen. Opphavet til bileta er til no ikkje kjend, anna at dei ein gong vart funne i ein kjellar. Måleria til Holck er i dag remontert, dei heng i moderne omgjevnader på ein skule som ikkje fanst på målareren si tid. Kunsten sine omgjevnader endrar seg saman med historia, og nye tilskodarar finn nye tolkingar.







## Andreas Schram Olsen (1791-1845)

Bergen Katedralskole har lånt ut *Religionens lys* til Skolemuseet i Bergen. Biletet syner ein engel som svevar over eit alter, der ho kveikjer eit ljøs som står blant kors, bok og eit beger. Til høgre for alteret kan vi sjå eit skjold, ei lyre og ei ugle. Tinga på alteret er teikn for kristendomen og tinga på bakken peikar mot gresk mytologi. Athene er guden for kunnskap, og hennar atributtar er skjold med Medusa sitt hovud og ho har ofte ei ugle på aksla. Apollon er gud for kunst, musikk, lys og sanning, og kan forklare lyren som er plassert i biletet.


På baksida av måleriet har rektor ved skulen skrive om biletet, og han oppmodar til å passe godt på det. Ut frå opplysningane er det rimelig å tru at målar av biletet er embetsmann, stortingsmann og forfattar Andreas Schram Olsen (1791-1845).

Denne Smukke Afbildning er i Anledning af den i Aaret 1817 holdte Jubelfest for Reformationen tegnet og skjenket Bergens lærde Skole af Andreas Olsen, som i sine unge Aar havde været Alumnus i bemeldte Skole, og med sine lykkelige litteraire Talenter besidder ogsaa et høidial Genie til at tegne og skildre. Jeg udbeder og forvisser mig om, at mine Eftermænd omhyggelig vil sørge for at det bliver conserveret til en Zivul Skolen, endog ved de lignende Jubelfester som det Allgode Forslyn vil, i de følgende Tæller, forunde Fædrelandet, Byen og Skole at höllide ligholde.

Fr. Chr. Holberg Arentz,  
Skolens Rector.









## Fredrik Kolstø (1860-1945)

Mange av kunstverka i Hordaland fylkeskommune si kunstsamling er gåver mottekne ved ulike høve. Dei er gitt som takk for gode år på skular, til nybygg og til jubileum. Fylkeskommunen har plikt til å ta vare på gåvene på beste vis.

Fredrik Kolstø (1860-1945) sitt måleri er ei gåve frå konsul Johan Thesen (1867-1945) til Bergen handelsgymnasium i 1924. Thesen var forretningsmann i Bergen og dreiv mellom anna med import av fisk. Han var medlem av Bergen kunstforening og sat i

styret til Vestlandske kunstindustrimuseum, noko som tyder på at han var ein kunstinteressert mann.

Kolstø vaks opp i Haugesund, og minna om naturen og kvardagslivet på Vestlandet virka inn på kunsten hans seinare. Han byrja på Bergslens målarskole i Oslo då han var 16 år. Seinare reiste han til München og vart elev på kunstakademiet der.

*Urent farvann* syner eit stemningsfullt kystlandskap i mørke fargetonar.





**Bjørn Tvedt (1920-2011)**

Bjørn Tvedt måla i 1958 *Kunnskapens kilde* direkte på murveggen i ein av trappegangane på Bergen katedralskole. Biletet synar ein gut og ei jente som drikk av ei kjelde. Personane som er avbilda skal ha vore elevar ved skulen. Murmålet er vart presentert som ei overrasking då klasserombygget var ferdig i 1958.



## Argus *Utan tittel* 2015

Amalie Skram videregående skole

Gatekunsten er for lengst teke inn i varmen. Der gatekunstnarane tidlegare vart jaga, vert dei no inviterte inn for å liva opp tome veggflatar. På Amalie Skram videregående skole tok elevane initiativ til å dekorere kvite veggflatar med stensilane til Argus.





# Portrett

Portrettmåleria kan vektleggje individuelle trekk og tolking av personlegdomen til den som er avbilda. Portretta prøver ofte å uttrykkje noko meir enn ytre likskap med modellen, til dømes kan eit slikt måleri seie noko om indre eigenskapar. Bileta er ofte laga med tanke på ettertida; biletet skal vere eit minne om eit menneske, om makt og posisjon.

Tradisjonane rundt portrettet går heilt tilbake til det gamle Egypt, og frå 1400 f.Kr ser vi at avbildingane endrar seg frå det

idealiserande til det individualiserande. Frå 1840-talet fekk portrettmålarane sterk konkurranse frå fotografane.

Hordaland fylkeskommune har ei rik samling av rektorportrett frå 1900-talet. I dag er det ikkje mange som ynskjer denne forma for heider, og fram mot 2000-talet døytr tradisjonen meir eller mindre ut. Rektorportretta kan vi sjå som historiske dokument frå vår nære fortid. Samlinga av desse portretta fortel noko om kor alvorleg leiarrolla i skulen vart sett på for berre nokre tiår sidan.



**Ove Holm Bjørkhaug**

*O. R. Sandberg, Rektor frå 1886-1896*

Stend vidaregåande skule



Stend vidaregåande skule held fast på tradisjonar



**Hjørdis Landmark** *Rektor Otto Thott Knudzon 1933 Tanks videregående skole*

**Arne Revheim** *Rektor Einar Teigland 1991 U. Pihl videregående skole*

**Hjørdis Landmark** *Rektor Elise Hambro 1960 U. Pihl videregående skole*

**Knut Glambek** *Rektor Gjertrud Berge 1963 Voss husflidsskule*

**Johannes Lidsheim** *Rektor Olav Fjærevoll 1961 Voss jordbruksskule*

**Knut Glambek** *Rektor Claus Walter Fischer 1959 U. Pihl videregående skole*



# Glaskunst

Det er lite glaskunst i kunstsamlinga til Hordaland fylkeskommune. Kan hende er det for upraktisk med skjøre gjenstandar i offentleg samanheng?




**Benny Motzfeldt** Vase © Benny Motzfeldt/BONO 2016,  
Garnes vidaregåande skule

## Benny Motzfeldt (1909-1995)

På 1960-talet endra glas- og biletkunstnar Benny Motzfeldt (1909-1995) norsk glashistorie. Ho var den fyrste som nytta glas i fri kunstnarleg utfolding. Motzfeldt var nyfiken på glaset sine eigenskapar, og søkte stadig etter nye uttrykk og framstillingsmåtar. På den måten skapte ho sitt eige formspråk, og braut med samtida si haldning til funksjonalitet. I glaskunsten nytta ho seg av frie former, uttrykksfulle fargar og boblar i glaset.

Bergen yrkesskole (1961) som no er innlemma i Årstad vidaregående skole, og Langhaugen vidaregående skole (1961) er teikna av byarkitekt Eystein Michalsen (1894-1964). Motzfeldt designa dekorative glaspanel over inngangspartia på begge skulane. Glasplatene er framstilte ved Hadeland glassverk. Med tida er nokre av glasplatene vorte skadde, og har vore til reparasjon, reinsing og konservering hjå Museumssenteret i Hordaland og hjå Hadeland glassverk.



**Benny Motzfeldt** *Glasvindauge* © Benny Motzfeldt/BONO 2016  
Årstad vidaregående skole 1963 Detaljar





**Benny Motzfeldt** *Glaskunst* © Benny Motzfeldt/BONO 2016  
Årstad videregående skole 1963



**Benny Motzfeldt** *Glaskunst* Tre glasruter til restaurering © Benny Motzfeldt/BONO 2016  
Langhaugen videregående skole 1962

# Keramikk

Keramikk er gjenstandar som er laga av leire, og ofte er dei glaserte på overflata slik at dei ferdige produkta blir meir fargerike.



**Kari Bugge Gjerstad og Odd Gjerstad** *Jente og gutt* 1957  
Bergen katedralskole





**Torild Emily L. Haugland og Atle Haugland** Detalj  
Os vidaregåande skule



**Anne Bente Totland** Veggskjold 1995  
© Anne Bente Totland/BONO 2016  
Stend vidaregåande skule

# Hovudbygningen på Stend



Hovudbygningen på Stend er Hordaland fylkeskommune sin einaste bygning som er freda, og i seinare år har store restaureringsarbeid blitt utførde på hus, interiør og hage. Sjølve bygningen er frå 1680-talet, men historia til Stend kan sporast heilt attende til yngre jernalder. Mange meir og mindre fornemme eigarar har styrt på Stend. Mellom anna høyrde garden i mellomalderen til Nonneseter kloster. Kong Kristian VI vart eigar då garden vart brukt som betalingsmiddel for gjeld i 1740. I 1861 kjøpte Søndre Bergenhus amt eigeiendomen og etablerte jordbrukskole på staden. Framleis tilbyr Hordaland fylkeskommune jordbruksrelatert utdanning på Stend vidaregåande skule, naturbruk med forskjellige profilar og held slik tradisjonane i hevd. Knytt til garden var ein av dei flottaste hagane i landet. 1/3 av den

opphavlege hagen blir no rekonstruert med gangvegar, pryde- og nyttevekstar. I 2016 skal ein tre mål stor renessansehage stå klar til bruk for allmenta.

Riddarsalen i hovudhuset på Stend husar fylket sin eldste kunst, i form av lerretstapet som er ramma inn. Tidfestinga er gjort ut frå rokokkokanten rundt bileta, og er bestemt til 1700-talet. Motiva er henta frå Det gamle testamentet. Målaren er ukjend, men det er sannsynleg at målaren er frå Tyskland, same stad som målinga er frå. Ei myte fortel om ein misnøgd målar som meinte at løna var for låg, og hemna seg med å gje nokre av figurane på bileta to venstreføter.





1.Mosebok, 28 i Det Gamle Testamentet fortel om Jakob, kjend for å ha lurt arveretten frå bror sin, Esau. Biletet syner Jakob då han drøymmer om himmelstigen med englane, og slik får vite om si store framtid.

Eit av motiva i Riddarsalen på Stend er henta frå 1.Mosebok 22:1-24. Her finn vi forteljinga om då Gud sette Abraham på prøve og sa han måtte drepe den einaste og kjære sonen sin, Isak. Abraham blir stogga i det han strekkjer seg mot slaktekniven, og vert rikt løna og velsigna fordi han er gudfryktig og har lytta når Gud har tala til han.

# Avslutning

Hordaland fylkeskommune si kunstsamling har ikkje alltid vore styrt av planar og felles mål. Dette pregar kunstsamlinga, og mykje av rikdomen ligg i dette mangfaldet. Dei største skulpturar og dei minste akvarellar kan bety noko for dei som har hatt dei som ein del av sin kvardag over lengre eller kortare tid.

Kvar einskild sin fantasi og kreativitet kan bli stimulert av kunstoplevingar. Kunsten kan styrkje kjensla av fellesskap, og den kan lære oss å opne opp for noko som er framand. Møte med kunst kan oppmøde til nye meiningar og gje oss fleire perspektiv på tilveret.

Kunsten er alltid open for å bli sett på nye måtar. Kunstverket si meining kjem først til syne når den møter ein tilskodar. Det er vi, publikum, som gjev kunstverket meining. Det er vi som legg til eller trekkjer frå innhald. Tilskodaren må opne opp for kunsten, gå han i møte og fylgje spelereglane til kunsten. Slik kan vi finne forståing, undring og interesse. Kunst gir oss høve til å øve på å forstå noko som først kan virke framand. Kunstverda legg opp til meir enn at tilskodarar berre skal trakka i fastlagde spor, eller meine det sjølvsegte.

Ei fylkeskommunal kunstsamling kan på sitt beste vere eit supplement til kunstmusea og til private samlingar. Denne samlinga har eit naturleg desentralisert mangfald og har mange viktige brukargrupper, ikkje minst ungdommar. Slik når kunsten dei som sjeldan oppsøker kunstmusea.

Kunsten i fylket kan ha noko å seie for både einskildmennesket og for fellesskapen. Kunsten i Hordaland fylkeskommune har også eit stort potensial for formidling. Merksemd om kunst kan føre til dialog mellom elevar, tilsette og besøkjande. Gjennom deltaking og refleksjon kan kunstsamlinga auke i verdi for den einskilde. Mangfaldet i samlinga kan gje nye møtestader og kjensla av å høyre til kan forankrast i kunstverka.

Aktiv formidling av fylket sin kunst kan skape merksemd og aktualisere objekta mellom anna for elevar i den vidaregåande skulen. Den teknologiske utviklinga fører ikkje berre til nye kunstformer, teknologien gjev og høve til kunnskapstilfang og deling av eigen kunnskap.

Tradisjonell bruk av uttrykk og materialar er stadig i bruk, men like ofte stiller kunstnarane samfunnskritiske spørsmål. Då nyttast kunstformer som vil provosere eller sjokkere; dei vil ha publikum til å tenkje. Denne haldninga kan gjere kunsten aktuell, og føre til debatt og kreativitet.

Evna til kritisk dømmekraft og sosial samhandling er kompetanse som samfunnet treng på alle område. Kunstoplevingar og kreativitet er med på å skjerpe sansane og bidreg til utradisjonell og sjølvstendig tankesett. Med grunnlag i Hordaland fylkeskommune si kunstsamling kan vi halde fram med å stille spørsmål til det sjølvsegte. Hordaland fylkeskommune tek mål av seg å vere kompetent, offensiv og i dialog. Kunstsamlinga og ordninga med økonomiske midlar til kunst i nye byggeprosjekt er eit bidrag til å nå desse måla.



Tilsett og elev på Sandsli videregående skole

Takk til alle som har vore til hjelp i registreringsarbeidet





**Axel Ender** *Ukjend tittel* Siste del av 1800-talet  
Sandslivideregående skole

# Kunstnarliste

## Profesjonelle og amatørar

Aak, Anny Birgitte	1928-2015	Christensen, Arent	1894-1982
Aakre, Thor		Christensen, Steinar	1946-
Aanderaa, Tone	1957-	Dahl, Gabriel	1889-1963
Aase, Britt		Dahl, Guri	1956-
Aasen, Kari	1950-	Dahl, Hans Normann	1937-
Aasgaard, Signe	1948-	Dahl, Peer	1941-
Afcan, Eser	1953-	Dessen, Nini Anker	1935-
Aksnes, Solfrid	1953-	Djupesland, Trond	
Aksnes, Øyvind	1910-1989	Dyrdal, Kari	1952-
Alne, Jon Simonsen		Egeberg, Ingri	1951-
Amdam, Kjell Stig	1945-	Eldøy, Anders	
Andréen, Omar Wilhelm	1922-2010	Elling, Lars	1966-
Aras, Anneli Belsvik	1969-	Ender, Axel Hjalmar	1853-1920
Argus		Endevik, P	
Askevoll, Anders M	1834-1900	Engelsen, Einar	1902-1991
Astrup, Nicolai	1880-1928	Entian, Patrik	1966-
Aulie, Reidar	1904-1977	Eskeland, Sigurd	
Austad, Magne	1946-2013	Eyde, Ole B.	1898-1966
Bang, Ellen	1954-	Finborud, Kristian	1963-
Bardal, Henry	1919-2000	Flatebø, Torvald	
Bendiksen, Kjell	1948-	Foss, Siri	
Bendtsen, Folmer	1907-	Fraas, Gro	1944-
Berg, Åke	1946-	Frantze, Lillen	1906-
Berge, Grethe	1936-	Fredriksen, Stinius	1902-1977
Berge, Reidar	1922-2006	Fritzvold, Reidar	1920-1998
Berge, Svein		Frøysland, Gisle	1961-
Berge, Victoria	1945-	Førde, Runa	1933-
Bergslien, Brynjulv	1830-1898	Galaaen, Konrad	1923-2004
Berle, Reidar Johan	1917-1997	Gathe, Helen	1948-
Berntzen, Lasse	1954-	Gauguin, Paul Renè	1911-1976
Bertheussen, Anita	1965-	Geelmuyden, Nikolai Astrup	1931-2015
Berven, Ingrid	1951-	Gigot, Francoise	1921-
Beyer, Nina	1971-	Giske, L. K.	
Birkeland, Laila Aas	1937-	Gjeraldstveit, Torstein	
Bjorg, Roar	1912-1984	Gjerme, Leif	-2008
Bjørgum, Nils	1864-1949	Gjerstad, Kari Bugge	1925-
Bjørkhaug, Ove Holm	1911-1988	Gjesdal, Herman	
Bleken, Håkon	1929-	Gjestland, Nina	1919-2013
Blich		Gjetle, Astri Vedal	1936-
Blom, Kenneth	1967-	Glambek, Knut	1901-1981
Blystad, Kristian	1946-	Gleditsch, Hetty	1906-1992
Blystad, Sissel	1944-	Granum, Einar Andreas	1920-1992
Bockelie, Marit	1933-	Gregersen, Eivind	
Bredal, Nils		Grepp, Kyrre	1943-
Breivik, Anne Stranger	1932-2012	Grevstad, Arna	1916-2008
Breivik, Bård	1948-2016	Grundt, Lars	1923-
Breivik, Thomas	1923-1999	Grynne, Andreas	1917-1991
Brekke, Asbjørn	1922-1992	Gryte, Ellef	1923-1991
Bringeland, Simon		Grønlien, Håkon	1952-2007
Brunsvik Bjarne	1918-1993	Grøstad, Terje	1925-2011
Bruun-Hansen, Fredrik	1909-2002	Gulbrandsen, Lars	1931-2005
Buch, B.H.		Gundersen, Tom	1951-
Bysheim, Else Karin T.	1959-	Gunnerud, Arne Johan Vinje	1930-2007
Børretzen, Torild Inger	1951-	Gunnes, Mai Hofstad	1977-
Cappelen, Bodil	1930-	Hagen, Else	1914-2010
Calmayer, Sissel	1941-	Hanson, Erick Stanley	1945-
Chraft, C. A.		Hansen-Krone, Johanne Marie	1952-
Chris		Hanum, Sidsel	1955-



Hardeland, Magnus	1905-1982	Kollandsrud, Siri	1963-
Haarr, Elisabeth Astrup	1945-	Kolstø, Fredrik	1860-1945
Harr, Karl Erik	1940-	Kristiansen, Rolf	1906-1988
Hauge, John Audun	1955-	Kristiansen, Roy	
Haugland, Atle	1947-	Kristiansen, Tone Flesche	1952-
Haugland, Torild Emily L.	1948-	Kryvi, Harald	1944-
Haugstvedt, Tor	1948-	Kvalvik, Hilde Beth	
Haukeland, Arnold	1920-1983	Kvam, Anne	
Hauki, Ole	1935-	Kvåle, Ivar	1947-2011
Haverkamp, Reinhard	1954-	Kyllingstad, Ståle	1903-1987
Hedmann, Leif	1954-	Landmark, Hjørdis	1882-1961
Heggebø, Berit		Langaas, Eva	1940-
Hegglund, Arne	1915-	Langum, Runi	1958-
Heggtveit, Øivind	1884-1961	Larsen, Halvard Alm	1899-1962
Hegranes, Bjarne		Larsen, Karl	1897-1977
Hella, Ranveig		Lefdal, Per	1899-1975
Helland-Hansen, Ida Carolyn	1963-	Leithaug, Peder Ingvald	1925-
Hellem, Einar Coldevin	1923-	Lekven, L.	
Hemre, Norvald	1957-	Lid, Bjørg	
Heske, Marianne	1946-	Lidsheim, Johannes	1899-1975
Hetland, Audun	1920-1998	Lien, Marianne	1953-
Hidle, Rolf	1930-	Lindros, Kirsten	
Hille, Tove		Lindstrøm, Per Jonas	1955-
Hilsen, Eva	1945-	Ljones, Åse	1954-
Hinth, Agnes		Lofthus, Arne Wallem	1881-1962
Hisdal, Soveig	1946-	Lunde, Jardar	1909-1990
Hjelmestad, Randi	1951-	Lyche, Josefine	1973-
Hjønnevåg, Inger		Lønning, Per	
Hogarth, William	1697-1764	Lützen, Elinborg	1919-1995
Hoï	1922-	Mader, Susanne Kathlen	1964-
Holck, Julius	1845-1911	Magnus, Morten Henrik	1944-
Holm, Arne Ellerhusen	1911-2009	Martens, Madli Kyvik	
Holm, Olav	1884-1971	McGarrighan, Astrid	1951-
Holmefjord, Ingvald Solberg	1941-	McGurk, Mike	
Hovdenakk, Eli	1956-	Midtrød, Arvid	
Hovland, Ingrid W.		Midtseter, Mette	
Hult, Torsten Edgart	1922-	Mills, Esben	
Hvoslef, Line	1964-	Moen, Magnar Sigmund	1945-
Høvring, Venche		Mogstad, Jon Arne	1950-
Håland, Arve	1949	Mohr, Tit	1917-2008
Hørlin, Tor	1899-1985	Morell, Lars	1980-
Instanes, Dagfinn N	1919-1998	Motzfeldt, Benny Anette Berg	1909-1995
Isdahl, Hennie Ann	1955-	Myrtvedt, Karin	
Ivarsøy, Kari	1924-	Myrvold, Pia	1960-
Iversen, Sveinung	1954-	Myskja, Kristoffer	1985-
Jacobsen, Georg	1887-1976	Mæland, Arne	1950-
Jahnsen, Helene		Mørkve, Sjur	1917-2007
Johannesen, Aggi Folgerø	1932-	Nango, Mathis	1950-
Johannesen, August	1866-1944	Nascio, Giovanni Giosuè	
Johannesen, Haakon	1953-	Nerdrum, Odd	1944-
Johannesen, Kurt	1960-	Nerli, Rolf	1951-
Johannesen, Toril	1978-	Nikolov, Ljudmil	1954-
Johnson, Kaare Espolin	1907-1994	Nordhagen, Johan	1856-1956
Jonsborg, Kåre	1912-1977	Nordtvedt, Therese	1953-
Kaltenborn, Bendik	1980-	Norendal, Arvid	1949-
Karb, I		Nupen, Kjell	1955-
Karevold, Åshild	1958-	Nyland, Alv	1911-2008
Karlsen, Lars-Erik	1948-	Næsheim, Egil Torin	1939-
Karlsen, Stine	1968-	Odvèn, Frank	1923-1993
Karlsruud, Mary	1918-1980	Olsen, Andreas Schram	1791-1845
Kielland, Gabrielle	1945-	Olsen, Per Richard	1941-
Kihle, Harald Olai A.	1905-1997	Opdahl, Ørnulf	1944-
Kjellesvik, Magne	1949-	Osa, Lars A.	1860-1958
Kjeserud, May-Britt		Paalgard, Lars	1955-
Kjær, Anders	1940-	Pedersen, Bjørn Brynjolf	1952-
Kjærnstad, Roar	1975-	Pihl, Thomas	1964-
Kjøde, Vibeke Rød	1970-	Polden, Lars	1951-
Kleiva, Per	1933-	Prestegård, Elly	1951-
Knutli, Trond	1955-	Pulles, Hans	1968-
Kolderup, Harald	1958-	Rackwitz, Mikkel	

Rafdal, Jan Terje	1974-	Sture, Øyvind	
Raknerud, Gladys	1912-1997	Svalastoga, Svallaug	1920-1978
Randell, James		Svanøe, Bjarne	1954-
Raudberget, Oddmund	1932-	Svendsen, Jan	
Reitan, Elling	1949-	Sylthe, Oliver	1905-1970
Remfeldt, Per	1921-2004	Synnestvedt, Eva	1914-1978
Revheim, Arne	1965-	Sæland, Anne	1944-
Rinaldo, Gry Hege		Sæterdal, Kristin	1963-
Risberg, Terje	1949-	Sæverud, Inger Bergette	1938-2008
Rittun, Thorstein	1929-	Sæverud, Tiril	
Rongved, Alf	1924-	Søreide, Sigurd	
Rosseland, Ingard	1914-1994	Sørensen, Skjold	
Rosseland, Jarle	1952-	Sørheim, Stig Morten	1976-
Rudjord, Reidar	1930-2011	Tellnes, Roald	1946-
Ruiz, R		Tennfjord, Olger	
Rumohr, Knut	1916-2002	Thommasen, Solveig	
Rusti, Frida	1861-1963	Thorjussen, Kjell	1942-
Rusti, Olav	1850-1920	Thurmann, Øystein	1922-1988
Rygvold, Arne	1955-	Torsheim, Oddvar	1938-
Røbeck, Ingebjørg		Torvund, Gunnar	1948-
Røed, Egil	1932-	Totland, Anne Bente	1962-
Rønning, Svein	1946-	Trana, Alf	1933-1981
Rådal, Egil	1923-	Tunold, Bernt	1877-1946
Sand, Vebjørn	1966-	Tusberg, Harald	1935-
Schafferer, Solveyg W.	1928-	Tvedt, Bjørn	1920-2011
Schultz, Alexander	1901-1981	Tveit, Otto	1950-
Schöyner, Aagot	1890-1928	Ty, Dang Van	1954-
Sedmann, Reinulf Haveland	1949-	Tyse, Nils	1911-
Segelcke, Severin Vincent Heiberg	1867-1940	Tønnesen, Ambrosia	1859-1948
Severud, G.		Törner, Stefan	1973-
Sigurdsson, Eystein	1925-	Tørud, Ole Johan	1927-2004
Silseth, Eli	1927-	Uchermann, Karl	1855-1940
Sivesind, Bengt	1947-	Udd, Maria	1967-
Skagen, H. K.		Undeland, Sigurd E.	1903-1983
Skedsmo, Dag	1951-	Uthaug, Jørleif	1911-1990
Skjelbred, Marianne	1978-	Valtyrson, Erling	1955-
Skjelland, Torunn	1975-	Vatne, Siv Bugge	1975-
Slaattelid, Åsne	1935-2012	Veidung, Tove	1950-
Slyngstad, Samuel		Vestlie, Trond	
Smith- Hald, Bjørn	1883-1964	Vik, Ingebrigt G.	1867-1927
Solberg, Harald	1954-	Vikene, Turid	1958-
Solen, Maria Veronica L.	1943-	Vivelid, Kari S.	1900-1979
Solomon, Cagla Kulakac		Vold, Yngve Reidar	1949
Stabell, Harald Krogh	1874-1963	Vollset, Brit Astrid	1957-
Stautland, Leif	1943-	Waksvik, Skule	1927-
Steen, Ola	1952-	Weidemann, Jakob	1923-2001
Stensrud, Markus Li	1983-	Werenskiold, Erik Theodor	1855-1938
Stenstadvold, Håkon	1912-1977	Westbø, Sidsel	1943-
Stokstad, Gudrun Skeie	1940-	Westman, Truls	
Stokstad, Helge		Widerberg, Frans	1934-
Stolthenberg, Hanna		Wildhagen, Kaare	1905-1984
Stoltz, Gerhard	1948-	Willums, Olaf	1886-1967
Storm, Halvard	1877-1962	Yran, Knut	1920-1998
Storn, Willibald	1936-	Ødegård, Hans	1876-1943
Storø, Olaf	1953-	Øyen, Wenche	1946-
Straume, Karl	1877-1968	Øyfoss, Vegar	1976-
Stub, Alexander	1978-	Åstein, Øyvind	1943-
Stub, Kjeld	1946-		







Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Januar 2016